

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5.

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Haram.

Emne: Vassbering.

Bygdelag: } Fjörtøft

Oppskr. av: Olav Fjörtøft

Gard:

(adresse): Fjörtøft

G.nr. 3 . Br.nr. 3 .

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Oppskrifta er etter eiga røynsle

B. og etter andre heimelsmenn.

Sv desse kan nemmast min far,
Lars E. Fjörtøft, 86 år gammal. Livs-
yrket hans har vori gardbrukar
og fiskar. Heimstad: Fjörtøft.

Flere 70-80 år gamle folk har
og gjevi opplysningar om det
sane, og det sarnstavar med
dei alle.

Vassbering

1. Ja. Vassaket er eldgammelt her i bygda, der alt vatn måtte hentast or brynnar. Namnet på vassaket er her bör tre („böra tre“) Det var ei stang som kvilde på bäl akslene med opning for halsen midt på stonga. I kvar ende var festt eit tau med ein jærnkrok i enden som ein krökte i bytte-kylpen. Andre typer av bör tre har ikkje vori brükt. Namnet på dei ein-skilde deler ~~er~~ er: böra tre, böra tog og kylpe krok (byttekrok).

Å bera vatn i trebytter tok for det meste stütt ved 1900-talet. Då kom jærnbyttene i brük.

2. Det har vori brükt å henta vatn i lagga kar. Det var 2 öyror på karet. To vaksne ^{karar} kar det mellom seg, anten med å bera det med hendene i laggöyro, eller med ein stäv gjennom laggöyro, og då bar ein karet på akslene. Førskildt namn på stonga er ukjent. Karet var kalla vass-sä. Storleiken var onlag $\frac{1}{2}$ tykke - 50 til 60 liter. Vatnet aüste ein opp i karet med vass-koppen som höyde brünnen til. Det var ein trekoppe på skap som ein avskoren pyramide på fest ei lang tre stong. Med stonga stakk ein koppen ned i brynnen, fylte han med vatn og drog han opp.

Flyte skive i kar og bytter var brükt när ein bar vatn til å hindra at vatnet skvampsa over.

Å bera mjölk frå fjöset med stang

har truleg ikkje vori brukt. Frå utmarks
og sūmarfjøs bar ein smjölka i hylke.
Dei eldste hylke var laga av tre.
Seinav vart dei av jarn. (jarn=bliske)
Slike hylke er enno i bruk.

3. Kom det større snöfall om vinteren,
var det mykje brukt å draga vassæen
på kjelke. Å selja karet på ski og steva
det fore seg, veit ikkje nokon av har
vori brukt.

4. Var mannfolka heime, bar dei alltid
vatn. Men om vinteren var dei jamt
ute på sjöen i fiske tida. Då laut kvinnene
bera vatnet. Det fall mest på tenest-
gjentene, men kona og større born bar og
vatn.

5. Vassbering er det no stilt med.
I 1890-åra ba dei fyrste inn pumper
i kjøkenet, og frå 1910-åra kom det
vassinnlegg med springvassröyr, der
dette kunne nyttast. Fleire stader bar
dei likevel vatnet til fjösen til 1915-
1920-åra. No er det og stilt. Stuken er det
pumpe eller springvatn i fjösen ofte
med automatiske drikketkar til dyra.
Men i tørre sūmrar og vintrar med
langvarig berrfrost, går mange brūmar
tör, og då lyt ein til med vassköyring
og henta vatn der det finst. Dette kan
framleis vera slitsamt nok. Det som
her er nemnt gjeld like for både gardar
og småbruk og heimar utan jordveg.

6. Vassköyringa fram til 1800-talet

gjekk for seg berre med slede. Etter
den tid både med slede og vogn.
Alltid med slede når det er snø.

7. Som før nemnt er det no i våre
byggder stult med vassbering i det
store og heile. Det er innlagt anten
pumpe eller vass-spring i kjøken (stove)
og fjøs-, i kjellar og i særskilde vask-
hus, om slike finst. Likeins er det
innlagt vatn med drikkefontene i
skubane. Saman med innlagt vatn
er det innmontert vask med kloak.
I nybygde hus blir det jamt også
innlagt bad.

888

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

M.O.R

Haram

I samarbeid med
KULTURGEOGRAFISK REGISTRETT
PÅ VESTLANDET

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDSTY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bora vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

*Denne måten å bera vatn på er
ukjent i Haram, Møre og R. fylke.
Fjörtoft, 20/3-1949.
Olav Fjörtoft*



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Svar er gitt i emne nr. 12, Gamal engjøkultúr

3053

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING